

## Vedlegg 7.4 Oppsummering innspel Øksnesmarka

Avsendar	Innspel	Kommentar
<p>Statsforvaltaren i Vestland</p> <p>11.august 2022</p>	<p>Statsforvaltaren syner først til historikken og deira tidlegare vurderingar knytt til verdiar for friluftsliv, strandsone og naturmangfald. Dei syner vidare til at området, etter dialogmøte, vart lagt inn i kommuneplanen trass naturmangfald ikkje var tilstrekkeleg utgreidd, og at dette er bakgrunn for at føresegn 2.1.3 bokstav j vart utforma.</p> <p>Statsforvaltaren presiserer at konsekvensutgreiinga ikkje berre skal sjå på korleis skade kan minimerast, men også reelt vurdere om verknader på nasjonale verdiar i området er for store til at området kan nyttast til næring.</p> <p><b>Verknad av planen</b>                      Utfordrande å utarbeide ei god KU og plan utan å ha avklara kva verksemd som skal inn. Planen kan ikkje opne for tiltak som ikkje er utfyllande vurdert og tilstrekkeleg skildra i KU og ROS-analyse.</p> <p><b>Nasjonale føringar</b>                      Planprogrammet må supplerast på punkt om nasjonale føringar.</p> <p><b>Naturmangfald</b>                      Legg til grunn at konsekvensutgreiing for naturmangfald inkluderer kystlynghei, naturbeitemark, kystnedbørsmyr og breidbandpraktivklaren. Slik dei ser det, vil det vere naudsynt å hente inn ny informasjon om mellom anna breibåndpraktivklaren. Det kan også vere naudsynt med nye registreringar for å vurdere om det er naturbeitemark og kystnedbørsmyr i området, og kva verdi desse eventuelt har.</p> <p>Må vurderast om det er konflikt mellom mogleg verksemd i området og kystlynghei, samt eventuelle negative verknader utgreiast.</p> <p>Må gjerast ei utvida registrering av breidbandpraktivklaren i området, og vurdering av korleis planforslaget vil kunne påverke leveområda, t.d. gjennom fragmentering, konflikt med ønska driftsformer, plassering av tilkomstveg m.m.</p> <p><b>Vassmiljø</b>                      Dersom planen skal opne for landbasert oppdrett eller andre former for havbruk må det vurderast om området er eigna. Tilstanden i vassførekomsten må vurderast og sjåast i samanheng med planar om likande verksemd i området. Det må gjerast ei samla vurdering av konsekvensar på vassførekomsten frå alle planlagde tiltaka. Verknad på naturmangfald i sjø må vurderast.</p> <p>Det må avklarast kor det er gyte- og oppvekstareal for anadrom fisk og om desse kan verte påverka og korleis.</p> <p><b>Strandsone, landskap, friluftsliv</b></p>	<p>Det er no utført moglegstudie av kva som kan vere aktuelt å etablere på område. Vedlegg 7.3</p> <p>Er supplert i revidert planprogram (PP), kap 3.1</p> <p>Følgd opp i revidert PP, kap 6.3</p> <p>Følgd opp i revidert PP, kap 6.7</p>

	<p>Statsforvaltaren syner til føringar i SPR for differensiert forvaltning av strandsone og at det er viktig å vurdere kva verdier som er i området, og kva verknader planen vil ha for viktige tema som strandsone, landskap og friluftsliv.</p> <p>Ved eventuell etablering av lagune må det gjerast ei risikovurdering av utførelse for å unngå partikkelforureining og påverknad på gytefelt. Må dokumenterast mengder på massar, og bruk av overskotsmassar.</p> <p><b>Massehandtering</b> Statsforvaltaren har innspel til kva vurderingane av massehandtering bør omfatta, og at tiltak bør planleggast med sikte på å oppnå intern massebalanse. Dei anbefalar at det utarbeidast massedisponeringsplan som del av arbeidet med detaljreguleringa i tråd med prinsipp i avfallspyramiden.</p> <p><b>Konklusjon:</b> Det må gjerast vurderingar i denne planprosessen for å avklare at området ikkje vil tilsidesette nasjonale verdier. Det må gjerast ei grundig konsekvensutgreiing, og dei trekkjer spesielt fram omsynet til breidbandpraktviklaren og omsynet til skjøtsel av kystlyngheia.</p>	<p>Følgd opp i revidert PP, kap 6.12</p> <p>Følgd opp i revidert PP, kap 6.11.4</p> <p>Følgd opp i revidert PP, kap 6 (utgreiingstema)</p>
<p>Fylkeskommunen i Vestland</p> <p>18. august 2022</p>	<p><b>Planfaglege innspel</b> Positive til at det utarbeidast ROS og KU, og finn at forslag til tema i hovudsak er dekkjande.</p> <p>Sidan det ikkje er spesifisert ei konkret verksemd, er det vanskeleg å vurdere direkte konsekvensar av tiltak. KU må difor vurdere minimering av skadeverknader og om verknadar på dei nasjonalt viktige naturkvalitetane i området er for store til at næringsverksemd kan tillastast.</p> <p>Nye næringar knytt til grønt skifte er prioritert, men andre omsyn må vurderast og vektast før det kan tillastast.</p> <p><b>Landskap og naturmangfald</b> Inngrep og tiltak må innordne seg dei fysiske omgjevnadane for å redusere negative verknader.</p> <p>Naturverdier og biologisk mangfald må omsyntakast og søkast bevart i størst mogleg grad. Syner til registrerte naturverdier som kystlynghei, kystnedbørsmyr og sterkt truga Bredbåndpraktvikler.</p> <p>Det må vurderast om det krevst nye registreringar for å vurdere naturverdiane i området.</p> <p>Drift og vedlikehald av kystlynghei må ikkje verte hindra av eventuelle tiltak.</p> <p><b>Strandsone</b> Syner til det generelle byggeforbodet i 100-metersbeltet, jf. Pbl § 1-8 og SPR for strandsoneforvaltning, samt</p>	<p>Det er no utført moglegstudie av kva som kan vere aktuelt å etablere på område. Vedlegg 7.3</p>

	<p>fylkeskommunen sin digitale rettleiar for planlegging i strandsona.</p> <p>Bygging og inngrep bør unngåast på areal som har betyding for andre omsyn.</p> <p>Marine tilhøve og påverknad av desse på vurderast i planen.</p> <p>Ved planlegging av hamn må verknadar av eventuell utsprenging greiast ut. Verknad på fiskeri og marint mangfald avklarast og konsekvensar for akvakultur greiast ut.</p> <p><b>Friluftsliv</b> Må forsøke å verne om kvalitetar knytt til friluftsliv. Auka tilgjenge for friluftsliv vil kunne byggje positivt oppunder folkehelse mål. Vurdere eksisterande turløyper og korleis ta vare på dei.</p> <p><b>Klima</b> Må gjerast vurderingar knytt til havnivåstiging og stormflo.</p> <p>Utbygging vil påverke naturlege avrenningsvegar og det må tidleg i planlegginga rettast fokus på overvasshandtering.</p> <p>Plan for massehandtering må utarbeidast i tråd med gjeldande forskrifter og føringar. Massehandtering skal vere berekraftig.</p> <p><b>Kulturminne</b> Dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø må gjerast tidleg i planlegginga og takast omsyn til i planarbeidet.</p> <p>I tillegg til fornminne, marine kulturminne og bygningar/bygningsmiljø må ein kartleggje og utgreie til dømes tekniske kulturminne, ferdelsårer, utmarksminne, steingardar og andre kulturlandskapstrekk.</p> <p>Anbefalast tidleg kontakt med regionalt kulturminnemynde for å finne gode løysingar.</p> <p>Planområdet er særleg rik på kulturminne, kulturmiljø og landskap.</p> <p>Syner til ny rettleiar frå Riksantikvaren som viktig og sentralt dokument i konsekvensutgreiinga. I KU må freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid skildrast, og konfliktgrada mellom utbygging/tiltak og kulturminne avklarast.</p> <p>VLFK varslar at dei vil gjennomføre kulturhistorisk synfaring som følgje av potensiale for nye funn.</p> <p>Bergen sjøfartsmuseum kjenner ikkje til kulturminne ved Øksnesmarka som kan bli direkte råka, og har ikkje indikasjonar</p>	<p>Følgd opp i revidert PP, kap 6 (utgreiingstema) Gjeld alle punkt ovanfor.</p>
--	---	--

	<p>på at området har vore nytta til ankringsstad eller hamn tidlegare. Dei syner vidare til at arbeidet må stoppast og museet varslast ved ev. kulturminnefunn på sjøbotn.</p> <p><u>Samferdsel, infrastruktur og veg</u>  Syner til at fv. 568 har høg fart, lite trafikk, er smal og manglar tilbod til mjuke trafikantar. Ber om at følgjande tema vert teke omsyn til i reguleringsprosessen:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesveg</li> <li>- Tilhøve for mjuke trafikantar mellom planområdet og nærliggjande målpunkt</li> <li>- Byggegrenser til fylkesveg</li> <li>- Konsekvensar for trafikk og mjuke trafikantar i bygge- og anleggsfasen</li> <li>- Vegtrafikkstøy</li> <li>- Tekniske vegteikningar skal føreligge før planen vert sendt på høyring for tilknytingspunkt mot fylkesvegen.</li> </ul>	<p>Følgd opp i revidert PP, kap 6.11.1 og 6.11.2</p>
<p>Fiskeri-direktoratet 4. august 2022</p>	<p>Fiskeridirektoratet meiner oppstartsmeldinga er eit godt utgangspunkt for å følgje opp Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging på ein god måte.  Dei nemner særskilt:  Sprengingsarbeid og påverknad sjøområde/spreiing av partiklar  Involvere lokale fiskarlag/fiskarar for informasjon om marint biologisk mangfald</p> <p>Supplere KU med konsekvensar for</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• lokalt viktig gytefelt for torsk - Børilden</li> <li>• fiske med aktive reiskap (reke-trål)</li> <li>• Åråsvågen låssettingsplass</li> </ul> <p>Legge sprengingsarbeid med potensiale for partikkelspreiing til haust-vinter.</p>	<p>Følgd opp i revidert PP, kap 6.12 (utgreiingstema naturressursar)</p>
<p>Aksjonsgruppe «Nei til rasering av Øksnesmarka og Åråsvågen» v/ Tore Svendsen 8. august 2022</p>	<p>Aksjonsgruppa stiller spørsmål ved kvifor Åråsvågen ikkje er nemnt i høyringsdokumenta, og forventar at Åråsvågen vert omtala i planprogrammet likt som N18 og tilkomstveg.</p> <p>Dei syner til punkt i kommuneplanen som omtalar næringsområdet Øksnesmarka som ikkje tilstrekkeleg utgreidd til å kunne nyttast til utbygging. Meiner prosjektet er uklart beskrive, og at det er uklart kva type arbeidsplassar.</p> <p>Aksjonsgruppa syner til ein tidlegare rapport i samband med kommuneplanbehandinga som tilrår at Øksnesmarka framleis vert LNF. Momenta bak motsegna frå statsforvaltaren, som seinare vart trekt, er framleis tilstades, og tiltakshavar bør avslutte planarbeidet.</p>	

	<p>Planprogrammet må vere meir konkret på kva området skal brukast til.  Det må også liggje før ein utbyggingsplan med tidsplan i planprogrammet for å hindre at området vert liggjande som eit evigvarande steinbrot utan at ny næring vert etablert.</p> <p>Aksjonsgruppa meiner tiltaket er i strid med nasjonale planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanering. Planprogrammet må beskrive kva som trumfar retningslinjene. Dei syner til at det allereie er tilrettelagt store industriområde ved Mongstad.</p> <p>Dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona må kommenterast.</p> <p>Støyproblematikken må bli teke på alvor og viast stor merksemd i planprogrammet. Dette gjeld både støy i anleggsperioda, og i ettertid alt etter som kva aktivitetar som etablerast.</p> <p>Aksjonsgruppa ber om at det vert utarbeidd klimarekneskap for tiltaket, der særleg inngrep i myr, våtmark og kystlynghei vert vektlegg, med som også inkluderar utslepp frå anleggsmaskiner, transport og material.</p> <p>Planprogrammet må sei noko om luftkvalitet. Syner til bustad-/ hyttefelt ca. 1 km søraust for området som kan verte råka.</p> <p>Det må etablerast plan for vassforsyning og avløp, slik at det ikkje er tvil om korleis det skal løysast. Det må også avklarast kven som skal ta kostnaden.</p> <p>Det må seiast noko om trafikksituasjonen frå kryss 565/568 til ny tilkomstveg. Tilkomstvegen må planleggjast slik at det vert minst mogleg skade på natur og ikkje vert eksponert i terrenget. Breidda må vere på eit minimum med møteplassar.</p> <p>Det må gå tydelegare fram at området blir brukt av fastbuande, hyttefolk og tilreisande elles. Syner til at det va 700 som skreiv under på protestliste mot at N18 skulle inn i kommuneplanen.</p> <p>Grundig og systematisk registrering av kulturminne må gjennomførast før oppstart av anleggsarbeidet.</p> <p>Syner til at Øksnesmarka er eit stort, samanhengande og inngrepsfritt naturområde, full av naturverdiar. Det er kartlagd raudlista artar av nasjonal forvaltingsinteresse. Mest aktuell er sommarfuglen bredbåndpraktvikleren, sanglerka og svartstrupe. Naturverdiane må fangast opp i planprogrammet.  Viser elles til informasjon om sjeldne artar i Lindåsprosjektet 1972 og meiner kartlegging av biologisk mangfald må foregå over min. 2 år før oppstart av anleggsarbeidet.</p> <p>Ber primært om at prosjektet vert stogga. Viss ikkje ber dei om at det vert etablert eit forskingsprosjekt som</p>	<p>Det er no utført moglegstudie av kva som kan vere aktuelt å etablere på område.  Vedlegg 7.3</p> <p>Kommentarane elles i innspelet er søkt følgt opp i revidert PP kap 6.</p>
--	---	--

	dokumenterer endringane for plante, dyreliv og friluftsliv.	
Bygdelista i Austrheim v/ Jan Erik Espelid 3. august 2022	<p>Primært viser dei til det høge konfliktnivået ved utarbeiding av kommuneplanen og dei kritiske innspela som kom inn på området. Bygdelista vil arbeide for at område vert gjort om til LNF.</p> <p>Subsidiert meiner dei at føremålet med utbygginga er uklart formulert og at det må ikkje setjast i verk tiltak før konkrete tiltak er utgreidde gjennom konsesjonshandsaming og at dette kjem fram som rekkefølgekrav. To felts veg og G/S løysing mellom Øksneskrysset og Dyrneskrysset må også vere eit rekkefølgekrav.</p> <p>Dei set fram krav om kartleggingar/analyser:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Eigne undersøkingar av Naturmangfald over to sesongar</li> <li>• Klimarekneskap både for permanent situasjon og anleggsfasen</li> <li>• Konflikt med oppdrettsanlegg i Åråsvågen</li> <li>• Støykonsekvensar</li> <li>• Konsekvensar for Friluftsliv</li> <li>• Økonomiske konsekvensar for kommunen</li> <li>• Samla belastning og arealnøytralitet</li> </ul> <p>Bygdelista meiner framdriftsplanen er lite realistisk. Den må omfatte kartleggingar i to sesongar.</p> <p>Dei meiner også det bør arrangerast minst eitt folkemøte.</p>	<p>Det er no utført moglegstudie av kva som kan vere aktuelt å etablere på område. Vedlegg 7.3</p> <p>Kommentarane elles i innspelet er søkt følgt opp i revidert PP kap 6.</p>
Forum for natur og friluftsliv 15.august 2022	<p>Forum for natur og friluftsliv (FNF) støttar opp under høyringsuttalen frå Naturvernforbundet Nordhordland.</p> <p><b>Naturmangfald</b> Vurderer at meste av planområdet må definerast som kystlynghei. At det ikkje er registrert allereie skuldast at berre ein del av området er kartlagd. Bevaring av kystlynghei av ein viss storleik er viktig for artsmangfaldet.</p> <p>Dei syner til førekomst av sterkt truga artar , og at støy og fragmentering av Øksnesmarka kan ha konsekvensar for hekkelokalitetar.</p> <p>A- og B-lokalitetar av kystlynghei er definert som utvald naturtype, og syner til nml § 53 sine krav til prosessar/utgreiing.</p> <p>Dei meiner at nml § 12 er aktuell i saka sidan det finst unyttta næringsareal i kommunen som er tilgjengelege.</p>	<p>Det er no utført moglegstudie av kva som kan vere aktuelt å etablere på område. Vedlegg 7.3</p>

	<p>FNF opplyser om at det er observert havørn i hekketida, som kan tyde på at planområdet kan vere del av hekketerritorium for havørn.</p> <p><b>Friluftsliv</b>  Syner til at marka er viktig rekreasjonsområde for dei som bur i området, og har nettverk av turstiar og fiskevatn. Syner vidare til at friluftsliv i nærområdet er prioritert folkehelseiltak i folkehelsemeldinga. Kategorisert som svært viktig friluftsområde.</p> <p>Tilkomstveg vil dele Øksnesmarka i to, og sjølve næringsområdet vil øydeleggje nordaustleg del av Øksnesmarka friluftsområde.</p> <p>FNF syner til at planprogrammet omtalar at området har liten slitasje som kan indikere at det ikkje er høg brukarfrekvens, vidare at det er eit mindre folketal i Austrheim med knappe 2900 innbyggjarar, og at det difor ikkje kan samanliknast med Bergen og omegn.</p> <p>Øksnesmarka inngår i eit område populært for havpadling, med relativ nærleik til kysthytta Rongevær.</p> <p>FNF har elles lagt ved bilete teke av naturverdiar i området.</p>	<p>Kommentarane elles i innspelet er søkt følgt opp i revidert PP kap 6.</p>
<p>Naturvernforbundet Nordhordland</p> <p>3. august 2022 og tilleggsmernad 4. august 2022</p>	<p>På grunn av høgt konfliktnivå jf. tidlegare KU i KPA og nærleik til fiskeoppdrett i Åråsvågen, ber dei om at reguleringa avsluttast og arealet overførast LNF. Syner til solid fagleg og politisk støtte for standpunktet.</p> <p>Meiner føremål med planarbeidet er uklart formulert og stiller spørsmål ved kva arealinngrep det er snakk om og kva som er neste steg. Kva inngrep er det snakk om i området som eigd av kommunen?</p> <p>Er kritiske til at det ikkje er avklara kva verksemd som skal inn, og at det kan skapa store irreversible inngrep i naturlandskap med nasjonale verdiar.</p> <p>Må knytast rekkjefølgjekrav til at N18 og vegar ikkje kan byggjast før tiltaksretta konsesjonshandsaming er gjennomført.</p> <p>Kva utgreiing av aktuelle utbyggingstiltak pågår, jf. kap. 1.2?</p> <p>Planprogrammet må leggja vekt på særleg grundig kartlegging i tiltaksområdet N18.</p> <p>Dei kan ikkje sjå at eit så stort inngrep i inngrepsfritt område er i samsvar med SPR for samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging, og at fortetting av industri bør gjerast ved Mongstad.</p> <p>Vurderer at planen også er i strid med SPR for differensiert forvaltning av strandsona. Åråsvågen nyttast til båtutfart og</p>	<p>Det er no utført moglegstudie av kva som kan vere aktuelt å etablere på område. Vedlegg 7.3</p> <p>Kommentarane</p>

	<p>fiske.</p> <p>Støy må ha ein sentral plass i planprogrammet og planen. Meiner støynivået og potensielle støyplagar frå N18 vert underkommunisert. Med dei store massane som skal sprengast ut er det grunn til å frykte langvarig etableringsfase.</p> <p>Naturvernforbundet bed om at det vert utarbeidd klimarekneskap der særleg inngrep i myr, våtmark og kystlynghei vert vekta.</p> <p>Kommunale føringar: Meiner inngrepa i strandsona ikkje er foreineleg med visjonen i KPS om ein kommune «kjend for havsport». Dei syner elles til fleire kommunale planar som er aktuelle for planarbeidet.</p> <p>Arealbruk i dag: Syner til at Øksnesmarka med støtte frå statsforvaltaren vert aktivt skjøtta, noko som tek vare på naturtypar, raudlista artar og friluftsiinteresser. Dei oppfattar brukarfrekvensen høgare enn det som er omtala i planprogrammet. Verdier vert forringa ved utbygging og det finns ikkje erstatningsområde i kommunen.</p> <p>Kulturminne: Kulturminnekartlegginga er mangelfull, må kome fram av planprogrammet at grundig kartlegging er naudsynt.</p> <p>Teknisk infrastruktur: Området er utan tekniske inngrep i dag, vert opplyst om at Teinelva renn gjennom området og truleg inneheld ål.</p> <p>Naturverdiar: Det må gjennomførast grundig kartlegging av artar og naturtypar, særleg i tiltaksområdet. Bør foregå over to år. Tidsbruk til naturkartlegging må gå fram av planprogrammet.</p> <p>Utgreiingsprogrammet: Til sjølve utgreiingsprogrammet har naturvernforbundet fleire innspel knytt til:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Landskapsbilete</li> <li>- Naturmangfald og naturressursar</li> <li>- Naboskapen til oppdrettsanlegget i Åråsvågen</li> <li>- Naturmangfald og naturverdiar</li> <li>- Klima og klimarekneskap</li> <li>- Massehandtering</li> <li>- Støy</li> <li>- Støv/lukt</li> <li>- Trafikktryggleik</li> </ul>	<p>elles i innspelet er søkt følgt opp i revidert PP kap 6.</p>
--	---	---

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Produksjonsvatn</li> <li>- Friluftsliv</li> <li>- Økonomiske konsekvensar for kommunen</li> <li>- Samla belastning</li> </ul> <p>Utfyllande kommentar til dei ulike tema framgår av opphavelig merknad/innspel.</p> <p>Planlagt framdrift:          Dei er kritiske til planlagt framdrift, og at denne er lite realistisk og fagleg uforsvarleg. Det bør ikkje leggjast opp til vedtak før tidlegast hausten 2023, ikkje februar 2023.</p> <p>Bør gjennomførast minst eitt folkemøte, då dette er ei sak som vekker stort engasjement.</p> <p>Tilleggsmerknad:          I ein tilleggsmerknad syner dei til ei uttale frå fylkesmannen om at Øksnes må klassifiserast som naturområde med nasjonal verdi, og at i alle fall delar av området inngår som kystlynghei som er sterk truga (EN) og utvald naturtype etter naturmangfaldlova § 52.</p> <p>Dei meiner at det utifrå flyfoto og kartgrunnlag i tillegg kan vere areal som klassifiserast som naturtype naturbeitemark (VU-sårbar), som det ofte er knytt mange beitemarkssoppar til.</p> <p>Dette gjeld også den trua naturtypen kystnedbørsmyr og eller rikmyr (EN).</p> <p>Det er i tillegg gjort fleire funn av sterkt truga (EN) sommarfuglen breidbandpraktviklar innanfor planområdet.</p> <p>Dei meiner konsekvensen av ei utbygging vil vere øydelegging av nasjonalt viktige naturkvalitetar.</p> <p>Dei syner elles til at gamle og nye observasjonar i influens- og tiltaksområdet opnar for mistanke om fleire truga eller sterkt truga artar.</p> <p>Med bakgrunn i føre-var prinsippet og observasjonar som er gjort ber dei om skrinlegging av N18. Subsidiært må planprogrammet gje tydelege føringar for grundige undersøkingar, primært over to år.</p>	
<p>Nordhordland turlag</p> <p>15. august 2022</p>	<p>NHT er uroa for at naturverdiane taper mot andre samfunnsinteresser, og syner til kor viktig det er å ta vare på naturområda i ei tid då naturen har fått auka verdi, mellom anna gjennom friluftsliv og turisme. Dei vil peike på nokre viktige friluftsverdiar i området:</p> <p>Øksnesmarka mellom Årås og Øksnes er det største urørte naturområdet i Austrheim, og er verdsett som svært viktig</p>	

	<p>friluftslivsområde. Dei syner til viktige verdiar i området som lynghei, turstiar, fiskevatn og havpadling.</p> <p>Det er i tillegg viktig kystkulturhistorisk område, med kulturminne knytt til torvtaking og utmarksbeite. I tillegg går den gamle ferdssvegen frå Øksnes til Årås gjennom planlagd næringsområde.</p> <p>Turlaget ber om at kommunen syner omsyn til naturen, og at det vurderast om ny industri kan leggjast nær andre utbygde område. Dersom kommunen likevel går vidare med reguleringsplanen ber dei om at omsynet til friluftslivet vert grundig utgreia både med tanke på turgåing, trening, padling, fiske og bading, inkludert indirekte verknadar på omkringliggjande areal i form av støy, kjensla av urørthet og oppleving av større samanhengande naturområde. Dei ønskjer å delta vidare i prosessen for å finne ei best mogleg løysing.</p>	<p>Kommentarane i innspelet er søkt følgt opp i revidert PP kap 6.</p>
<p>Ola Moen</p> <p>15. august 2022</p>	<p>Meiner ein større del av planområdet må klassifiserast som kystlynghei.</p> <p>Det er fleire gongar påpeika verdien av denne mosaikken av truga naturtypar, og nyleg konstatert at svartstrupe hekkar her. Kva andre trua artar er framleis ikkje oppdaga, eller kan kome til å bruke området i framtida?</p> <p>Syner til at tap av natur er ein like stor trussel som klimaendringar. Marka har interesse som turområde, og det sender signal om at ingen natur i Austrheim er viktig nok å ta vare på.</p>	<p>Kommentarane i innspelet er søkt følgt opp i revidert PP kap 6.</p>
<p>Vidar Mjøs</p> <p>21. juni 2022</p>	<p>Har følgjande spørsmål til kunngjeringa:</p> <p>Kvifor er det ikkje opplyst at kommunen er tungt inne som grunneigar jamfør vedlagt planrapport frå 2001.</p> <p>Stiller spørsmål ved om referatdokumentet er gyldig då det er utarbeidd av regionrådet med utgangspunkt i pbl 85 og ikkje er oppdatert med nye kommunelogoar.</p> <p>Stiller spørsmål ved om det er god forvaltningsskikk at kommunen si saksutgreiing er, etter møte i politisk organ, utvida med innkopierte møtereferat der kommunen sin sakshandsamar referer seg sjølv.</p>	<p>Spørsmåla er vidaresendt kommunen.</p>
<p>Åråsvågen velforening</p> <p>10. august 2022</p>	<p>Velforeininga består av 29 bustad/fritidseigedomar på vestsida av Åråsvågen.</p> <p>Meiner føremål med programmet, kva aktivitetar som er aktuelle og eventuelle konsekvensar omtala svært vagt og upresist. Dette gjer det vanskeleg å uttale seg til eventuell verksemd i området.</p> <p>Utifrå overordna synspunkt bør natur og friluftssinteresser tilleggjast stor vekt når ein skal ta beslutningar.</p> <p>Desse omsyna var også svært viktige for foreininga sine medlem ved kjøp av eigedom, og området nyttast i dag til friluftssaktivitetar og fiske.</p>	<p>Kommentarane i innspelet er søkt følgt opp i revidert PP kap 6.</p>

	<p>Syner til at kommunestyret si beslutning hadde eit lite fleirtal, og at det fins alternative areal i kommunen til næringsverksemd.</p> <p>Stiller spørsmål ved om den skisserte framdrifta er realistisk, og at anleggsperiode må ventast å gå over fleire år, noko som vil medføre fleire år med usikkerheit om kva verksemd som kjem.</p> <p>Ny veg vil krevje store terrengingrep som vanskeleg kan forsvarast i høve natur-, friluft-, og miljøinteresser.</p> <p>Ber om at alternative område vert vurdert. Det er planlagt ytterlegare bustad/fritidsbustader i tillegg til dei 29 som til no er utbygd, og ein kan ikkje sjå at planprogrammet omtalar tilhøvet til desse områda. Konsekvensane for desse er også vanskeleg å vurdere ut i frå planprogrammet.</p>	
--	--	--